

Fra: Kjersti Døssland
Sendt: 19.08.2016 13:59:37
Til: sbyrkjeland@deloitte.no
Kopi: Britt Karen Spjeld

Emne: HFK-16-0199 Tildeling av kontrakt

Vedlegg:

Vi viser til konkurransen HFK-16-0199 Moglegheitsstudie Idrettscampus Bergen, og takkar for dykkar tilbod.

Det var to leverandørar som leverte tilbod i denne konkurransen. Tilboda er vurdert etter dei oppgjevne tildelingskriteria i konkurransegrunnlaget, som inneber at kontrakt skal tildelast den som har gjeve det økonomisk mest fordelaktige tilbodet, basert på tildelingskriteria pris (25 %), løysing av oppdraget (25 %) og kompetanse (50 %).

Begge leverandørane har levert solide tilbod, men basert på tildelingskriteria har vi kome til at PwC har levert det beste tilbodet.

PwC har tilbydd lågast timepris. Når det gjeld løysing av oppdraget, har PwC levert eit tilbod som er sprekt utforma med eit tillitvekkjande innhald. PwC har konkretisert ein del relevante spørsmål som gjev oppdragsgjevar tryggleik for at dei har sett seg godt inn i prosjektet, og at dei har veldig god forståing for oppdraget.

Deloitte har levert ei løysing og ei framstilling som vert oppfatta som meir generell. De får positiv utteljing for drøftinga av metode, men løysingsskildringa vert ikkje oppfatta som så fornyande. Sidan dette er eit framtidsretta prosjekt, gjev dette samla sett noko därlegare utteljing.

Begge selskapa har levert tre ressursar til prosjektet. PwC har levert ressursar som brukargruppa oppfattar at har den rette kompetansen til å dra prosjektet i rett retning. Dei tilbydde ressursane har alle strategisk kompetanse, med erfaring frå idrett og helsearbeid, i tillegg til politisk arbeid. PwC tilbyr også eit ekspertteam som kan bidra inn i prosjektet.

Deloitte har også tilbydd gode ressursar med relevant kompetanse, men hovudressursen vert oppfatta som meir systematisk enn strategisk. Samla sett får Deloitte også her noko därlegare utteljing enn PwC.

PwC har såleis levert det økonomisk mest fordelaktige tilbodet, og vil bli tildelt kontrakten. Kontraktinngåing skjer torsdag 25. august.

Vi beklagar å melde at de ikkje nådde opp i denne konkurransen. Vi takkar for dykkar deltaking, og ønskjer dykk velkomne til å delta i konkurranse ved neste høve.

Med venleg helsing

Kjersti Døssland
rådgjevar - jurist
Økonomi- og organisasjonsavdelinga | innkjøpsseksjonen

Tlf: 55 23 99 33

www.hordaland.no